

Bygg Prosjekt AS
Fantoftvegen 14P
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3505 - 22/33906

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
19.05.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 428/101

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 428/101
Tiltakshavar: Kari Elin Zitzelau Prestø
Ansvarleg søker: Bygg Prosjekt AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 05.06.2019.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Beklager sein tilbakemelding i sak. Kommunen har kontrollert søknaden etter tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Vestland om oppheving av vedtak, og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn ein terrengrøfling eller anna teikningsgrunnlag som syner høgdeforskjellane mellom gbnr.428/101 og naboeigedom med gbnr.428/21.
2. Det må presiserast kva bruk den delen av terrassen som vender mot gbnr.428/21 skal nyttast til. Herunder om dette er ein oppholdslass, passasje, eller har anna bruk.
3. Statsforvaltar spør etter kvar gbnr.428/21 har sin uteplass. Dette kan gjerne visast på situasjonskart, eller alternativt kommenterast ved supplering.
4. Avstand frå tiltak til nabogrenser må tydeleggjera på situasjonskart. Statsforvaltar peiker på at det er noko uklårt om det er 0 meter eller 1 meter avstand frå tiltak til gbnr.428/21.

Syner elles til vilkår om at heile tiltak skal plasserast innanfor eigedomsgrense jf. vedtak 901/20.

5. Det må sendast inn nytt situasjonskart og teikningsgrunnlag som syner avtrapping av mur som er sett som vilkår i vedtak 901/20.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

6. Dersom det vert gjort endringar i prosjekt som fører til endring i grad av utnytting må det sendast inn oppdatert informasjon om BYA for eigedom.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bygg Projekt AS
Kari Elin Zitzelau Prestø

Fantoftvegen 14P
Hylkjebakken 83

5072 BERGEN
5109 HYLKJE